

Skabb

Skabb er ein midd som lever og legg egg i gangar som han grev i det øvste hudlaget. Her kan du sjå korleis dette skal behandlast.

Publisert 12.10.2017 (Haukeland Universitetssjukehus) / Sist oppdatert 11.11.2020 (Førde)



Korleis smittar Skabb?

Skabb kan smitte ved direkte hudkontakt, ved seksuell kontakt og i einskilde høve gjennom tekstilar. Midden trivst best i varmt miljø, som til dømes i ei seng. Lege kan stille diagnosen ved å finne skabbmidden i huda og påvise han i mikroskop. Skabbmidden måler 0,3-0,5 mm.

Symptom

Det vanlegaste symptomet er sterk kløe som hjå dei fleste blir verre om kvelden og om natta. Kløen startar som regel 4-5 veker etter smitte. Ein kan ikkje sjå skabbmidden sjølv, utan mikroskop. Dei fleste får eit raudt utslett, oftast mellom fingrane, på handledda, albogane, rundt midja, på låra og kjønnsorgana.

Behandling

Ved mistanke om skabb bør du kontakte lege, som kan finne skabmidd og stille diagnosen. **Nix krem 5%** får du kjøpe reseptfritt på apotek. Barn over 2 måneder og gravide kan også bruke Nix krem.

Korleis gjer du det?

- Det er lurt å starte behandlinga om kvelden.
- Dusj eller ta eit bad og tørk deg godt.
- Smør middelet på i eit tynt lag over heile kroppen frå topp til fotsolar (inkludert hovudbotn og ansikt, men ikkje heilt inn mot auge/munn). Hugs å smørje mellom fingrar og tær, under negler, i armholer, navle, brystvortene, kjønnsdelane og omkring endetarmen.
- Bruk bomullshanskar (kan kjøpast på apotek) den tida behandlinga varer. Dersom du må vaske hendene i løpet av behandlingstida, må hendene smørjast inn på nytt. Det same gjeld ved bleieskift.
- Etter at du har smurt deg inn, byter du sengeklede. Ta på deg reint undertøy/nattøy og ha det på deg til neste dag (**minimum 18 timar**).
- Dagen etter (husk 18 timar!) byter du sengeklede, som leggast direkte i vaskemaskina. Deretter legg du undertøy/nattøy i vaskemaskina, og dusjer.
- Gjenta behandlinga med Nix krem etter ei veke! Følg same prosedyre med å skifte klede og sengeklede.
- Ein må rekne med å bruke ca. 2 tuber med Nix krem per person, per behandling. Alle i familien må behandle seg samtidig.

- DERSOM du skal bruke **Benzylbenzoat liniment 33%**, skal det påførast huda frå topp til fotsolar (inkludert hovudbotn og ansikt, men ikkje heilt inn mot auge/munn). Barn over 2 måneder – 7 år skal bruke fortynta oppløysing (15%). Fukt til dømes ein tørr kompress, og påfør linimentet med denne.
- La det tørke i 5 minutt, deretter påførast på nytt frå topp til fotsolar. Smørjinga skal gjentakast totalt 3 gonger med Benzylbenzoat. Linimentet må vere på huda i **24 timar** før ein dusjar/vaskar det av. Gjenta behandlinga etter 1 veke.
- Ein må rekne med å bruke 1,5 – 2 flasker med Benzylbenzoat per person, per behandling.

- Etter fyrste behandlinga, både med Nix og Benzylbenzoat, er du ikkje lengre smittsam!
- Det er viktig å fullføre behandlinga (2 runder) fordi fyrste behandling berre drep midden og ikkje egga.

Er det meir som må vaskast?

Klede, sko, sengeklede og handkle du har brukt siste 7 dagar, må vaskast på minimum 60 °C. Det som ikkje toler så høg temperatur, må ein pakke i plastposar og la ligge i minimum 7 døgn. Madrasser og møblar må ein dekke med tynn plast i minimum 7 døgn eller dei må stå ubrukt (utan hudkontakt) i minst 7 døgn. Det same gjeld for bilstolar, sko, puter, osv. I klede eller sengeklede som ikkje har vore brukt dei siste 7 dagane, vil midden døy av seg sjølv. Mobiltelefon, datamaskin og gaming-konsoll må reingjerast dagleg med dertil eigna reingjeringsmiddel. Det er viktig med fysisk fjerning av midd frå alle flate overflater; husk klokke, smykker og briller.

Tekstilar/sko brukt av person med skabb siste 7 dagar



Kan det vaskast på 60 °C i vaskemaskin?

JA

NEI



Legg i plastpose og sett bort i 7 dagar

Må andre i familien få behandling?

Personar du har nærkontakt med bør behandlast sjølv om dei ikkje klør. Med nærkontakt meiner vi dei du har delt sengetøy, handkle, kle o.l. med. Alle i husstanden må ta behandling på same tid, dette gjeld også dersom du bur i kollektiv.

Kan skabb smitte frå menneske til dyr?

Nei

Kan eg vere sikker på at eg ikkje har skabb lenger?

Det er vanleg å klø i fleire veker til månader, sjølv om behandlinga har vore effektiv. Dersom du klør mykje etter behandlinga, kan du bruke ei svak kortisonsalve som du får kjøpt på apotek utan resept. Dersom du mistenkjer at du ikkje er kvitt skabben, må du oppsøkje fastlege på nytt.

Behandling med Scatol (ivermectin) tablettar?

Hudlegen avgjer om det er behov for tilleggsbehandling med Scatol tablettar. Dosen er basert på vekt. Ein skal ta Scatol tablettar saman med mat på dag 1, SAMTIDIG smørjer ein seg med Nix eller Benzylbenzoat. Behandlinga gjentakast på dag 7 (etter 1 veke).

Har du spørsmål, kan du vende deg til fastlegen eller Folkehelseinstituttet sine informasjonssider.